



DET·NORSKE·TEATRET

C. 15g 112548

DET NORSKE TEATRET

i samarbeid med

RIKSTEATRET



Den kvite folen

Skodespel i 2 akter

av

Tormod Skagestad

Turnéleiar: Trygve Nørve

Det Norske Teatret og dei nynorske diktarane

Kvar gong Riksteatret samarbeider med Det Norske Teatret om ein turné slik som i kveld, er det grunn til å minnst kva dette teatret har vori for heile landet. Det Norske Teatret har reist på spelferder i alle år, til bygd og by, med hundrevis av framsyningar. Skodespelarane der er like kjende ute i landet som i hovudstaden. Men endå ein ting skal nemnst nett i dette programmet. Det er kva teatret har tydd for den norske dramatikken, alle dei unge diktarane som har fått prøve seg fyrste gongen på scenen der og som med det har fått hug og mot til å halde fram.

I rada av desse debutantane er no Tormod Skagestad komen med. Nokon vanleg debutant er han no elles ikkje. Mest alle som ser dette stykket hans, må vi tru kjenner han frå høyrespel han har skrivi og frå iscenesetjingar i kringkastinga. Difor vonar vi De tykkjer det er eit interessant møte å sjå skodespelet til ein så god kjenning her i kveld. Det òg er ein lekk i den innsatsen Det Norske Teatret gjer i teaterlivet, at ikkje berre Oslo, men landet får høve til å sjå eit nytt andlet i nynorsk dikting.

Med dette ynskjer vi i Riksteatret at Det Norske Teatret må ha hell med seg på spelferda med «Den kvite folen».

Frits von der Lippe.

Det Norske Teatret kjenner De.

Lær og nynorsk presse å kjenne.

NORSK TIDEND

kjem to gonger for veka og kostar 18 kroner året.
Ting det over postgirokonto 14425, postb. 518 - Oslo.



«Nokken». Akvarell av Th. Kittelsen.


Det Norske Teatret har etter vedtektene sine til føremål å syne fram skodespel på norsk mål både i bygd og i by. Det Norske Teatret vart skipa i 1912 og hadde den fyrste framsyninga si ute på spelferd i Kristiansand 2. jan. 1913. Fyrst i oktober same året opna teatret i hovudstaden!

I den fyrste tida var teatret på spelferd over heile landet, opp til 5—6 månader av året. Etter kvart vart spelferdverksemda noko mindre, men heilt fram til krigen var teatret ute 2—3 månader kvart år. Etter krigen flytte Det Norske Teatret til

Casino i Stortingsgata 16. Det er eit stort teater, og drifta på eit større teater bind personalet meir.

Ein kan seia at Det Norske Teatret i lange tider var eit riksteater. No har vi fått Riksteatret, og Det Norske Teatret har samstundes etter stortingsvedtak plikt til å sende ut spelferder med 30 framsyningar i året. Det vil ikkje seia at teatret *berre* vil spela desse 30 framsyningane, men gjerne vil freiste få så mange framsyningar som råd er ut over landet. For eit par år sidan var teatret oppe i 80 framsyningar på spelferd. Og denne spelbolken ser det ut til at teatret skal få rett livleg spelferd-verksemd. Dei framsyningane vi sender ut, blir sette opp i samarbeid med Riksteatret, såleis at det hjelper til med tilskipinga og rutene for spelferdene.

Alle vi på Det Norske Teatret gler oss til å koma ut på spelferd. Vi meiner teatret har ei stor oppgåve med å nå fram til flest mogeleg med framsyningane sine, anten det er norsk eller utanlandsk dramatik. Vi vonar at folk ut over landet



Nils Sletbak



«Rytteren» av Bjarne Ness.

Tormod Skagestad

Tormod Skagestad er fødd i Krødsherad i 1920, og debuterte i 1946 med diktsamlinga «Om fjellprofilan låg ei gullrand spent», som fekk mange og sterke lovord både for sitt bygdefriske innhald og si frie, sermerkte form, i pakt med folkevisen og norsk musikalsk lynde. Sidan fylgde to samlingar til i same stilen.

Interessa for dramatikkk fekk Skagestad kveikt i eit to-års opphald ved amerikanske universitet, der han tok ein «Masters Degree» i litteratur. Frå 1949—53 var han knytt til Norsk Rikskringkasting som dramaturg og instruktør. Han har sett opp ei rekkje høyrespel, og vann med kvart gjetord som ein av fremste «taleleiarane» i Radio-teatret. Det var i fyrste rekkja den moderne lyriske dramatikken Skagestad tok seg av. Serleg vil ein minnst sendingane hans av Lorca, Bertold Brecht og Obstfelder. Nyleg synte han i den ypparlege sendinga av «Rosmersholm» at han og har vart øyra for samtale-dramatikken.

I dei tre høyrespela «Mørke vinder» (1949), «I gryet blir månen grå» (1953) og «Brør», som fekk norsk andrepriis i den nordiske høyrespeltevlinga i 1950, har Skagestad arbeidd med lyrisk-dramatiske motiv og leita seg fram til ein sermerkt norsk tone. Det er motivet frå «Brør» som han no har utvida og gjevi scenisk form i «Den kvite folen». Så vidt eg veit er det fyrste gongen eit norsk skodespel har gått vegen om høyrespellet før det kom fram på scenen.

Olav Dalgard.

set pris på at teatret kjem, at dei møter opp og fyller teaterhuset og skaper det samspelet mellom publikum og scenen som skal til for å skapa den verkeleg gode framsyninga.

Nils Sletbak.



Den kotte øolen

Skodespel i 2 akter av Tormod Skagestad

Sett i scene av Tormod Skagestad

Dekorasjonane av Arne Walentin

Dei som spelar:

Gunhild Haugum, bondeenkje	Henny Skjønberg
Tor, eldste son hennar	Harald Heide Steen
Einar, yngste sonen	Alf Malland
Eli, kona til Tor	Elisabeth Bang
Vesle-Gunhild, dotter deira	Urda Arneberg
1. bonde	Trygve Nørve
2. bonde	

1. bilete: Ein kveld sist i mai.
2. » Ein regnverskveld i september.
3. og 4. » Ein kveld og ei natt sist i juli. Det har gått 16 år.
5. » Ein sundags ettermiddag, nokre dagar seinare.

Pause etter 2. biletet.

Hovedrollen

blandt ildfaste skap

(Pris fra kr. 395,—)

JØLI

JØRGEN S. LIEN A.S

OSLO — BERGEN — TRONDHEIM

Treskjærar fantaserar over ein utskørin hest

Skjelvande blanke fola, deg ska je sala og ri!

Ja, je ska kjøre deg gjennom den doggslåtte skaug
med harde hendar!

Tumle deg fram te det frøser av blodskum kring
bikslet.

Djupt sett je sporan i blodfulle kjøttet ditt,
je dukkar deg i

elvur som skvalar i vårflom! Med rykande buk
og lendar

og hivande lungur stig du mot striblest, høgre og
høgre tejfjells.

Je ropar mot fjord-bygdun djupt nedunder: vi kjem
ikkje heimatt tekvelds!

Vi kjem ikkje heimatt frå lukten tå pors og
dvergbjørk og myr,

her vatna ligg milevidt slengt over blåsande viddur
og blenker som sølv!

Kjem ikkje heimatt te søvnlumre stallar der jentur
i nattserk smyg inn te varmblodige dyr.

Med augun mot havet, fola, skal du få siga i køll!

— — — —

Så stilt som det vart mellom fjella. Så stilt det
skumrar.

Tungt hamrar hjertet ditt i den breie bringa.

Augun er blanke og våte.

Du bevrar i heile kroppen, — i hårlaget størknar
svettefråden.

Folan min! je vil gjømme meg bort i fuktige
fakset ditt og gråte.

— — — —

*Urørlig sitt je og vakar over et mørkt og stille dyr.
Månen går over fjellviddun, — står i hvert
vattenblenk som ein sundbrøtin søyle.
Djupt nede er havet ein einaste glim. Dit går je
når dagen gryr,
med ingenting anna å bera på enn biksel og sal
og bøyle.*

TORMOD SKAGESTAD

(Frå diktsamlinga «Mørkt vatten glir mot havet».)



Henny Skjønberg



Harald Heide Steen



Elisabeth Bang



Alf Malland




Urda Arneberg



Arne Walentin

DIETZ
MOTOREN



PÅLITELIG
ØKONOMISK
RIMELIG

Representant og lager for Norge:

A/s BJEREKS
INDUSTRIFORSYNING

Prinsensgt. 2, Oslo — Sentralbord 41 71 25 .



Med en postsparebankbok kan
kan du på reiser i Norge få kon-
tanter ved mer enn 3600 posthus.

POSTSPAREBANKEN

Banken som alle kan nå.

Den kvite folen

Forfattaren og radioinstruktøren Tormod Skagestad, som no er fast knytt til Det Norske Teatret, skulle debutert som sceneinstruktør med «Yerma» av Garcia Lorca. På grunn av sjukdom i ensemblet måtte Yerma førebels leggjast bort, og Skagestads fyrste oppgåve vart hans eige skodespel: Den kvite folen. I ein prøvepause får vi tak i Skagestad og gjer han nokre spørsmål:

— Korleis er det å setja opp sitt eige stykke på scenen?

— Rart og spanande. Så spanande at det går ut over nattesvevnen. Eg har vori heilt oppslukt av dette arbeidet.

— Kan du seia noko om skodespelet ditt? Når skreiv du det?

— «Den kvite folen» går no på fjerde året — vart til oppe i Telemark sumaren 1950 og kjøpt av Det Norske Teatret som to-åring. Sidan har han vel fått litt meir kjøt på kroppen medan han trakka utolmodig på dei beitesmarkene som heiter «ventetid».

— Det er ingen komedie?

— Nei, diverre, hadde eg nær sagt! Mange vil kanskje synast at «Den kvite folen» er svært mørk, — eg vonar likevel at det står ei strime av lys gjennom det jordtunge spelet, og at folen verkeleg er det han var *tenkt* til å vera: eit symbol på draumen, poesien, alt blankt og uhandgripeleg som høyrer vår ungdom til og som sidan for dei fleste glid ut i ein grå kvardag full av plikter, ansvar og vanegang. Men draumen fylgjer slekta vidare.

— Så det er eit gamalt motiv?

— Alle motiv er «gamle». Og di meir *sentrale* dei er, di oftare har dei vori brukte før. Det er da utforminga som tel. Om eg har greidd å forme mitt motiv ut på ein ny og personleg måte, må publikum avgjera, og likeins om skodespelet har perspektiv ut over det tronge bygdemiljøet hendingsrekkja er lagd til.

— Den kvite folen er altså ikkje eit reint realistisk bondedrama?

— Berre på det ytre planet. I fyrsteverisjonen var skodespelet meir stilisert, men det gjekk *meg* som dramatikarar

flest: stoffet arbeidde og arbeidde inni meg og kravde si form. Personane vart etter kvart menneske av kjøt og blod (i alle fall i min fantasi!), dei ville til og med ha eit avgjerande ord med i laget når det galdt deira eiga utvikling og lagnaden deira, ville ikkje lenger vera typar og symbol, berre. Symbolikken og den reine poesien vart slik trengd «innover» i stykket, men eg vonar dei enno kling med som understrenger. Vansken med eit slikt opplegg er å få sagt ting utan å seia dei, — med andre ord: å få skapt *atmosfære* omkring personane og replikkane. Har *det* mislukkast, må dramatikaren eller instruktøren eller begge to ta skulda.

— Og skodespelarane?

— Dei har gått inn for denne oppgåva med ein slik innsatsvilje og intensitet at eg skyldar dei stor takk anten det no går slik eller slik.

Liv Løvland.



Trygve Nørve

Ingen vei utenom

Norske
TREKNINGSLISTER
(NORSKE LOTTERITIDENDE)

når De vil vite om De har vunnet

Skognaturen er helse og lyrikk,
skogbruket er leveveg og næring.

Tilsammen er

Skogen landets styrke



Vil De følge med i hva som skjer i skogbruket, så abonnér på



Organ for Norges Skogeierforbund

Stortingsgt. 30 — Oslo



Landets største fagtidsskrift. Opplag 42000. Kr. 10,— pr. år.

Allsidig — Aktuelt — Nøkternt



A.S. ASKIM

GUMMIVAREFABRIK

Teater snesko
av sort nylonstoff
med sort pelskant.